

Plan for selskapskontroll 2012 – 2016
Hordaland fylkeskommune.

Innhold

1. Innleiing	3
1.1 Plan for selskapskontroll	3
1.2 Former for selskapskontroll	4
2. Risiko- og vesentleganalyse.....	4
3. Oversikt over selskap.....	5
3.1 Oversikt over selskap innanfor § 80	5
3.2 Oversikt over selskap utanfor § 80	7
4. Prioriterte prosjekt for selskapskontroll i planperioden	9
4.1 Selskapskontrollprosjekt i prioritert rekkefølge	9
4.2 Selskapskontroll – uprioriterte prosjekt	10
5. Metode for gjennomføring av selskapskontroll	10
6. Rapportering	10

1. Innleiing

I følgje kommuneloven § 77 nr. 5 skal kontrollutvalet sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av fylkeskommunen sine eigarinteresser. I forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 14 står det:

”Kontrollutvalget skal påse at det gjennomføres kontroll med forvaltningen av eierinteressene i de selskaper som er omfattet av slik kontroll, herunder å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper gjør dette i samsvar med kommunestyrets/fylkestingets vedtak og forutsetninger (eierskapskontroll). Selskapskontrollen kan også omfatte forvaltningsrevisjon, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner kap. 3.”

Planen for selskapskontroll er basert på ein risiko- og vesentleganalyse som vart gjennomført i 2012.

1.1 Plan for selskapskontroll

Etter § 13 første ledd i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal det;

”(..) minst en gang i valgperioden utarbeides plan for gjennomføring av selskapskontroll. Dette skal skje senest innen utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert”.

Fylkestinget vedtar planen, medan kontrollutvalet bestemmer kven som skal gjennomføre selskapskontrollen.

Innhaldet i § 13 i forskrifta må sjåast i samanheng med kommuneloven § 80, som omhandlar kva selskap kontrollutvalet og fylkeskommunen sin revisor har full innsynsrett i. Det kjem fram av § 80, 1. ledd at innsynsretten er avgrensa til:

- interkommunale selskap,
- aksjeselskap fylkeskommunen eig åleine eller saman med andre kommunar eller fylkeskommunar,
- heileigde dotterselskap til slike selskap.

Fylkeskommunen har vedtatt at selskapskontrollen og skal omfatte:

- bompengeselskapa fylkeskommunen har eigarskap i (jf. fylkestingsak 13/06),
- fylkeskommunen sine tildelingar av tilskot eller næringsstøtte til verksemder, lag og organisasjonar (jf. fylkestingsak 17/05).

Sjølv om innsynsretten er meir avgrensa, vil kontrollansvaret og omfatte selskap og verksemder som ikkje kjem inn under § 80. Dette er:

- selskap der fylkeskommunen har aksjar, men der det også er private aksjeeigarar.

1.2 Former for selskapskontroll

Obligatorisk eigarskapskontroll

Eigarkontrollen kan omfatte:

- Kontroll ved selskapsetablering.
- Kontroll av at fylkeskommunen har tilstrekkeleg oversikt og kontroll med eigarskapa.
- Kontroll av at eigarskapa er forsvarleg i høve til føremål og type verksemd.
- Kontroll av at eigarrepresentantar har tilstrekkeleg kompetanse.
- Kontroll av at selskapa fylkeskommunen har eigarinteresser i følgjer aktuelle verksemdlover og anna relevant lovgjeving.
- Kontroll av at den som forvaltar fylkeskommunen sine eigarinteresser opptrer i samsvar med fylkeskommunen sine vedtak og føresetnader.

Valfri forvaltningsrevisjon

Det er ikkje pålagt å gjennomføre forvaltningsrevisjon i selskapa, men fylkeskommunen kan gjennomføre forvaltningsrevisjonar dersom dette er relevant. Forvaltningsrevisjon omfattar systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå fylkestinget sine vedtak og føresetnader.

2. Risiko- og vesentleganalyse

For å utarbeide plan for selskapskontroll er det gjennomført ei risiko- og vesentlegvurdering for å velje ut relevante selskap og område for selskapskontroll. I forhold til risiko er det spesielt desse forholda som er vurdert:

1. Risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med fylkestinget sine vedtak og føresetnader.
2. Risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte.
3. Risiko for at den som forvaltar fylkeskommunen sine eigarinteresser i selskapet ikkje gjer dette i samsvar med fylkestinget sine vedtak og føresetnader.

I tillegg til ei konkret risikovurdering vil det også vere viktig å vurdere selskapa ut frå kor vesentleg det er å gjennomføre kontroll for fylkeskommunen (vesentleganalyse). To overordna perspektiv blir lagt til grunn for ei slik vurdering:

1. Fokus på brukarperspektivet.
2. Fokus på økonomiske interesser for fylkeskommunen.

Datainnsamlinga som ligg til grunn for risiko- og vesentleganalyse, og for utveljing og prioritering av prosjekt, er samla inn gjennom fleire aktivitetar som har involvert både politisk leiing, administrativt tilsette og kontrollutvalet. Mellom anna har følgjande aktivitetar blitt gjennomført:

- Dokument- og statistikkanalyse
- Prosessmøte i kontrollutvalet
- Spørjeundersøking for administrative leiarar i fylkeskommunen
- Intervju med administrative og politiske leiarar i fylkeskommunen

Data som har blitt samla inn gjennom desse aktivitetane har gitt ei god oversikt over risiko-områda knytt til forvaltning av eigarskap. Analysen er samla i eit arbeidsdokument/ analysegrunnlag som ligg til grunn for utveljing og prioritering av selskapskontrollprosjekt.

3. Oversikt over selskap

Under følger ei oversikt over selskap Hordaland fylkeskommune har eigarskap i. Oversikta er basert på informasjon frå fylkeskommunen. Selskapa er presentert i to tabellar. Den første tabellen inneheld selskap som fell inn under § 80 i kommunelova (interkommunale selskap, og aksjeselskap som er heileigd av fylkeskommunen eller eigd saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar) og bompengeselskapa som Hordaland fylkeskommune har eigarskap i. Desse selskapa har Hordaland fylkeskommune full innsynsrett i.

Den andre tabellen inneheld oversikt over selskap som fylkeskommunen har eigarskap i, men som ikkje fell inn under § 80 i kommunelova. Dvs. at det er innslag av private eigardelar o.l. Desse selskapa har fylkeskommunen ikkje meir innsynsrett i enn dei andre aksjonærane. Fylkeskommunen kan likevel gjennomføre avgrensa selskapskontrollar med omsyn til i kva grad selskapet opptre i tråd med eigarane sin intensjon, om val og opplæring av representantar skjer etter fylkeskommunen sine reglar og rutinar, om rapportering frå selskapet samsvarar med retningsliner o.l.

3.1 Oversikt over selskap innanfor § 80

Selskap	Selskapet sitt føremål ¹	Eigardel
Beredt AS	Skape grunnlag for arbeidsmarknadsrelatert sysselsetting. Vidare skal selskapet gjennom å drive anna verksemd - etter arbeidsmarknadsetaten sine retningsliner - skape grunnlag for sysselsetting av grupper som av ulike årsaker har problem på arbeidsmarknaden, herunder å drive teoretisk og praktisk kompetansebygging slik at deltakarane kan møte best mogleg førebudd til eit framtidig arbeidsforhold utanfor bedrifta.	100 %
KI Kompetanse AS (dotterselskap Beredt AS)	Skape grunnlag for arbeidsmarknadsrelatert sysselsetting. Vidare skal selskapet gjennom å drive anna verksemd - etter arbeidsmarknadsetaten sine retningsliner - skape grunnlag for sysselsetting av grupper som av ulike årsaker har problem på arbeidsmarknaden, herunder å drive teoretisk og praktisk kompetansebygging slik at deltakarane kan møte best mogleg førebudd til eit fremtidig arbeidsforhold utanfor bedrifta.	Beredt AS eig 100 %
Strandgaten 195 AS	Stille lokala i Strandgaten 195 til disposisjon for Hordaland Fylkeskommune si drift av Bjørgvin Vidaregåande Skule, på eit ikkje ervervsmessig grunnlag.	100 %
Bergen Bompengeselskap AS	Førestå delfinansiering av vegutbygging i Bergen, administrasjon og innkrevjing av bompengar i samhøve med avtaler som blir inngått med Staten etter samtykke frå stortinget, jf vegloven § 27.	100 %
Bybanen AS	Forvalte og drifte infrastrukturen for "Bybanen", herunder også "Bybanen" sitt skinnegåande materiell. Selskapet har fagansvar for tryggleik, bane, elektro, signal/ tele og skinnegåande materiell for Bybanen i samhøve med de til ein kvar tid gjeldande lover og forskrifter.	100 %
Valen Kraftverk AS	Produksjon, overføring, distribusjon og omsetning av energi samt anna verksemd knytt til desse områda, herunder deltaking i andre verksemdar med liknande føremål.	100 %

¹ Nokre selskap sine føremål er korta noko ned i denne tabellen.

HFK Bussanlegg AS	Direkte eller indirekte eige bussanlegg i Hordaland for å leggje til rette for konkurranseutsetting av kollektivtrafikken. Selskapet er av allmenntilgjengelig karakter og skal ikkje dele ut utbytte. Selskapet sine eigedelar og dei ressursar som blir generert gjennom verksemda skal bli anvendt til selskapet sitt føremål.	100 %
HFK Bussanlegg Fana AS (dotterselskap av HFK Bussanlegg AS)	Selskap med "ikkje-ervervsmessige føremål". Desse selskapa skal berre leiga ut anlegga til dei transportselskapa som vinn anboda.	HFK Buss-anlegg AS eig 100 %
HFK Bussanlegg Mannsverk AS (dotterselskap av HFK Bussanlegg AS)	Selskap med "ikkje-ervervsmessige føremål". Desse selskapa skal berre leiga ut anlegga til dei transportselskapa som vinn anboda.	HFK Buss-anlegg AS eig 100 %
HFK Bussanlegg Lonevåg AS (dotterselskap av HFK Bussanlegg AS)	Selskap med "ikkje-ervervsmessige føremål". Desse selskapa skal berre leiga ut anlegga til dei transportselskapa som vinn anboda	HFK Buss-anlegg AS eig 100 %
HFK Bussanlegg Straume AS (dotterselskap av HFK Bussanlegg AS)	Selskap med "ikkje-ervervsmessige føremål". Desse selskapa skal berre leiga ut anlegga til dei transportselskapa som vinn anboda	HFK Buss-anlegg AS eig 100 %
Bystasjonen AS	Planlegging og bygging av ny kollektivterminal – Bystasjonen - i Bergen sentrum, samt drift av kollektivterminalen og verksemd som står i samband med dette.	100 %
Voss og Omland Bompengeselskap AS	Å arbeide for realisering av følgjande vegprosjekt, Tunnel bak Vossevangen, Øvre Granvin/Voss grense, Palmefossen/Mønshaug, Heilårssamband Voss-Vik, ved mellom anna å stå for bompengefinansiering / oppkrevjing til delfinansiering av dei nemnde vegprosjekta.	57,14 %
Bømlo Vegselskap AS	Selskapet si målsetting er å finansiere utbygginga av Bømlopakken, slik Bømlopakken er vedteken av Stortinget i St.prp. nr 78 (2008-2009) "om delvis bompengefinansiering av prosjekt og tiltak i Bømlo kommune i Hordaland" og med eventuelt seinare vedtekne endringar.	53,34 %
Kvam Bompengeselskap AS	Arbeida for å realisere aktuelle vegprosjekt i Kvam herad ved m.a å stå for bompengefinansiering/ oppkrevjing til finansiering av aktuelle vegprosjekt.	53,33 %
Hardangerbrua AS	Bygging av bru over Hardangerfjorden.	53,33 %
Jondalstunnelen AS	Førestå delfinansiering av tunnelsamband. Administrere innkrevjing av bompengar og forvalte bompengemidlar i samsvar med samtykke frå Stortinget og forvalte med Statens vegvesen jf, veglova § 27, herunder også forvaltning av bompengemidlar og anna verksemd som naturleg står i tilknytning med selskapet sitt føremål.	52 %
Bergen-OS Bompengeselskap AS	Selskapet si verksemd er å førestå delfinansiering av vegutbygging E39 Svevatjørn-Rådal med utbygging av Rådalskrysset, bygging av tverssamband til Lysefjorden, samt opprusting av fylkesvegnettet i Lysefjordområdet.	52 %
Odda Vegfinans AS	Å stå føre delfinansiering av planlegging og bygging av ny veg og ny tunnelløysing for E134 innafør planområdet som er definert i vedtekne kommunedelplanar for Odda og Vinje kommunar frå 2008, og å bidra til rask og god realisering av prosjektet.	52 %
AS Austevoll Bruselskap	Planleggja, byggja bru, tunnel og vegprosjekt i Austevoll kommune.	51 %

Vestnorsk Filmsenter AS	Bidra til ein fagleg og kunstnerisk utvikling av vestnorsk kortfilmproduksjon. Dette inneber at Vestnorsk filmsenter AS skal kanalisere økonomisk, filmfagleg og organisatorisk støtte til profesjonelle kortfilmprosjekt innan fiksjons, dokumentar- og animasjonsfilm.	50 %
Moster Amfi- og kyrkjehistoriske senter AS	Leggje til rette for formidling av kyrkjelege og kulturelle verdiar.	50 %
Nordhordlands-pakken AS	Arbeide for utbygging og standardheving på utvalde stamvegar, riksvegar og strategisk viktig tilførselsvegar i Nordhordland og Bergen nord.	40 %
Business Region Bergen AS	Drive regional næringsutvikling, etablererteneste, profilering og marknadsføring og andre tenester som naturleg fell saman med dette, herunder å ha eit aktivt forhold til regionen sine nettverksorganisasjonar innan utvalte næringssegment.	35 %
Sunnhordland Lufthavn AS	Å planleggja, finansiera, opparbeida og driva lufthavn på Stord og i samband med dette å delta i andre selskap med liknande verksemd.	21 %
Osterøy Bruselskap A/S	Å arbeide for realisering av planane om brusamband Kvisti - Herland med tilstøytande vegsamband.	14,30 %
Kommunekraft AS	Formidle aksjeeigarane sin disponible kraft, herunder konsesjonskraft, og drive anna verksemd knytt til slik formidling.	0,3 %

3.2 Oversikt over selskap utanfor § 80

Selskap	Selskapet sitt føremål ²	Eigardel
Sunnhordland Bru og Tunnelselskap A/S	Arbeide for realisering av planar om køyrbart samband mellom Bømlø, Stord og Sveio. Selskapet skal mellom anna søkje å realisere prosjektet ved ordinære statsvegsløyvingar, låneopptak, bompengordningar o.l. Selskapet kan og engasjere seg i andre prosjekt.	61,78 %
Hordaland Teater LL	Drive profesjonell og allsidig teaterverksemd i Hordaland. Teateret skal ha eit særleg ansvar for å skape framsyningar for barn og unge. Teateret skal først og fremst spele på nynorsk og dialekt. Teateret skal arbeide for å få fram ny dramatik.	60 %
Fastlands-samband Halsnøy AS	Etter at Stortinget har godkjent prosjektet Halsnøysambandet -å ta opp og betale ned turvande lån til prosjekt og syte for innkrevjing av bompengar i samsvar med godkjent ordning.	52,63 %
A2G Gruppen AS	Gjennom fabrikkasjon, tenesteyting og anna næringsverksemd å skape grunnlag for sysselsetting og kompetanseutvikling av yrkeshemma og andre med behov for opplæring. Vedtak i fylkestinget om å tilby aksjane til Bergen kommune.	39,77 %
Storeholmen Vita AS	Attføring og/eller sysselsetting av yrkeshemma.	36,40 %
AS Strandgaten 196	Oppføring og drift av eit forretningsbygg på Strandgaten 196 i Bergen og dermed samanhengande verksemd.	33 %

² Nokre selskap sine føremål er korta noko ned i denne tabellen.

Voss Bedriftsservice AS	Gjennom fabrikkasjon og anna næringsverksemd å skapa grunnlag for attføring av arbeidstakarar etter tilvising frå NAV.	25,46 %
Medilab AS	Vere eit eigedomsselskap som skal skaffe eigna lokalar, infrastruktur og miljø, til medisinsk og teknologisk forskning og utvikling, knytt til Universitetsklinikken Haukeland Sjukehus, og til andre aktørar med interesse for slik verksemd. Selskapet vil bli overført til Innovest AS	25 %
Bergen Vitensenter AS	Utvikle og drive eit populærvitenskapleg opplevings- og læringsssenter for teknologi, naturvitenskap, matematikk og humaniora spesielt retta mot barn og unge, samt anna verksemd som naturleg fell saman med dette, herunder å delta i samarbeid med andre selskap og føretak med liknande verksemd.	19 %
Atheno AS	Å vere utvikler av nye og eksisterande bedrifter basert på forskningsresultat og ideer frå industri og øvrig næringsliv.	7,96 %
Nordhordland Industriservice AS	Gjennom produksjon og anna næringsverksemd å skape grunnlag for sysselsetting og attføring av yrkeshemma. Det primære vert attføring etter retningslinene frå arbeidsdirektoratet.	17,70 %
AS Den Nationale Scene	Drive teaterverksemd. Som statleg finansiert institusjon har selskapet eit særleg ansvar for å ivareta nasjonale kulturpolitiske interesser.	16,66 %
Sunnhordland Industri A/S	Gjennom fabrikkasjon og annen næringsverksemd å skape grunnlag for sysselsetting av yrkesvalhemma og mindre arbeidsføre.	16,60 %
Carte Blanche AS	Utvikle og produsere danse-og ballettoppsettinger samt anna beslekta verksemd. Som region/ landsdelsinstitusjon har selskapet eit ansvar for å gjere kunstforma kjent i regionen.	15 %
Norheimsund Industrier AS	Gjennom fabrikkasjon og anna næringsverksemd å skape grunnlag for sysselsetjing av yrkeshemma og mindre arbeidsføre personar.	13,70 %
ASVO Fusa (dotterselskap av Norheimsund Industrier AS)	Attføring og/eller sysselsetting av yrkeshemma. Verksemda skal ikkje ha økonomisk utbytte. Eit eventuelt overskot av drifta skal bli i selskapet og koma attføringsarbeidet til gode. Ved likvidasjon skal formuen nyttast i samsvar med føremålet.	Norheim-sund Industrier AS eig 16 %. HFK eig 13,7 % i Norheim-sund Industrier
Gulen og Masfjorden Utvikling AS	Leggje til rette tilhøva for auka næringsverksemd i kommunane Gulen og Masfjorden, og skal ved å vere ein aktiv pådrivar og koordinator for private aktørar bivirke til etablering av lønsame arbeidsplassar i distriktet.	9,70 %
Bergen og Omland Fiskerihavn AS	Bergen og Omland Fiskerihavn AS (BOFI) skal organisere, marknadsføre og fremme fiskerihavnene innan kommunane Bergen, Austevoll, Sund, Øygarden, Askøy og Fedje. BOFI skal vektlegge og utvikle gode relasjonar til offentlege mynder, bedrifter og organisasjonar for å fremme fiskerimessige høve som har betydning for utvikling av hamneområdet. Selskapet er vedteke oppløyst.	9,13 %
Fjord Norge AS	Internasjonal marknadsføring og tilrettelegging for sal for reiselivet i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Det skal særleg bli arbeid med sesongutviding.	8,90 %
Haukelivegen AS	Arbeide for utbygging og standardheving av Haukelivegen (E134) Haugesund-Drammen.	3 %
Innovasjon Norge	Å fremje bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønnsam næringsutvikling i heile landet, og utløyse ulike distrikt og regionar sime næringsmessige moglegheiter gjennom å bidra til innovasjon, internasjonalisering og profilering.	2,6 %

Sarsia Developmet AS	Selskapet skal bidra til innovasjon og verdiskaping gjennom å vere med og utvikle og finansiere forskingsbaserte idear som kan utviklast til nye bedrifter.	1,68 %
Biblioteksentralen AL	Vere eit serviceorgan for alle typar offentlege bibliotek. Biblioteksentralen har til oppgave å vere hovudleverandør av produkt og tenester til bibliotek og liknande institusjonar.	0,8 %
Vikafjellsvegen AL	Laget sitt føremål er å arbeida for utbygging av Vik-Voss vegen til heilårsveg.	20 %

4. Prioriterte prosjekt for selskapskontroll i planperioden

Kontrollutvalet har vurdert og prioritert dei ulike områda, og avgjort rekkefølga for selskapskontrollprosjekt i planen som blir lagt fram for fylkestinget. Prosjekta i lista nedanfor er sett opp i prioritert rekkefølge. Vidare er det satt opp ei liste over uprioriterte prosjekt

Kontrollutvalet vil elles, ut frå ei risiko- og vesentlegvurdering, velje ut selskap som dei ønskjer å kontrollere undervegs i perioden.

Omfanget av kontrollen i det enkelte selskap vil variere avhengig av størrelse og kompleksitet og eventuelt samarbeid med andre medeigar kommunar/fylkeskommunar.

Eventuell forvaltningsrevisjon i selskap blir vurdert av kontrollutvalet etter at obligatorisk eigarskapskontroll er utført og/eller der analyser eller andre indikasjonar syner at det kan vere aktuelt.

4.1 Selskapskontrollprosjekt i prioritert rekkefølge

Prioritet	Selskap/Prosjekt
1	Sunnhordland Lufthavn AS
2	Fylkeskommunal eigarstyring
3	Business Region Bergen AS
4	Arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i
5	Bompengeselskapa
6	Selskapskontroll av Bussanlegg AS med dotterselskap og Bystasjonen AS

4.2 Selskapskontroll – uprioriterte prosjekt

Selskap/prosjekt
Valen Kraftverk AS
Vestnorsk Filmsenter AS
Moster Amfi og kyrkjehistorisk senter AS
Strandgaten 195 AS
Arbeidmarknadsbedriftene
Bybanen AS

5. Metode for gjennomføring av selskapskontroll

Kontrollutvalet vil i kvart einiskild tilfelle avgjere kva metode som skal nyttast i selskapskontrollen innanfor dei rammer som følgjer av lovgjeving og forskrifter.

6. Rapportering

Kontrollutvalet vil i samsvar med kontrollutvalsforskrifta § 15 rapportere til fylkestinget om kva kontrollar som er gjennomført og resultatane av desse.

Dersom føresetnadene skulle endre seg, eller dersom kontrollutvalet ønskjer fleire kontrollar, kan kontrollutvalet gjere endringar i planen undervegs i perioden.

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see www.deloitte.com/no/omoss for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte provides audit, tax, consulting, and financial advisory services to public and private clients spanning multiple industries. With a globally connected network of member firms in more than 150 countries, Deloitte brings world-class capabilities and deep local expertise to help clients succeed wherever they operate. Deloitte's approximately 170,000 professionals are committed to becoming the standard of excellence.

© 2012 Deloitte AS